



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Heidi Gjerde	<b>Arkivkode:</b> FE-033
<b>Arkivsaksnr:</b> 19/143	<b>Løpenr:</b> 19/949
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Naturutvalet	05.02.2019	001/2019

### Faste saker

#### **05.02.2019 Naturutvalet:**

Handsaming i møtet:

Jon Magne Bøgevik (Uah) var valt til møteleiar i Karl Kolbotn (Frp) sitt fråver.

Vidar Teiterås (Ap): Spørsmål om referatsak – pålegg om opprydding av forsøpling. Ynskjer å vita om korleis ein har handtert alvorleg sjukdom hos den eine som har fått pålegg. Har BIR handtert dette på ein god måte? Teknisk sjef orienterte om at verken administrasjonen eller BIR har visst om sjukdomen.

Vidar Tveiterås ynskjer å få svar på korleis kommunikasjonen mellom BIR og dei det gjeld har føregått, gjerne som vedlegg til protokollen.

#### Utvalet sitt kvarter

Sture Tveit (H): Har fleire gonger spurt om ei gamal løe i Hagabakkane. Byggesakshandsamar Nina Fredriksen sa sist at dette skulle ein ta tak i. Kor står saka no? Vil ha svaret vedlagt møtereferatet.

Sture Tveit (H): Skottabakken: Det vart tidlegare hevda at det var vanskeleg å koma i kontakt med nabogrunneigaren. Men no er ein kome til einigheit. Korleis har ein fått dette i hamn? Kva inneheld avtalen? Vil ha avtalen vedlagt møtereferatet.

#### **NAT- 001/2019 Vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

**Oversikt over faste saker:**

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.

Delegerte vedtak/referatsaker.

Utvalet sitt kvarter.